

Hans Eidnes

HÅLOGALANDS HISTORIE

F. BRUNS BOKHANDELS FORLAG

TRONDHEIM 1943.

-48-

HÅLØYGEN OTTAR

Finnmark-strendene har frå gamal tid vore kjende av nordmennene. Det er håløygene som har gjeve øyar og fjordar namn, endå før vikingtida. Her nord låg dei på kobbejakt og kvalfangst. Her nord møtte dei også dei små, svarte finnane. Dei handla med finnane, røva rein frå dei, og tok også til å krevja skatt av dei. Under Harald Hårfagre blei Finnmark retteleg norsk skatteland.

Men Finnmark-strendene var då lite kjende endå. Den første som gjev oss litt greie på ferdene framom Nordkapp, over Austhavet og til Bjarmeland, er håløygen *Ottar*.

Ottar levde sist i det 9. årh. og var av god ætt, truleg herse. Garden hans låg lengst nord i Hålogaland. Det er mykje rimeleg at Ottar har budd ute ved Malangen, på sørvestsida av *Kvaløya*, i Hillesøy. Der hadde frå gamalt grodd fram eit viktig sentrum for handelen både austover til Finnmark og Bjarmeland og med Vesteuropa. Der er gjort mange gravfunn, og mange importsaker er funne, både finsk-baltiske, russiske og vesteuropeiske. Og her har Ottar hatt gard, og han har hatt inntekt av finneskatten, kanskje også som kongen sin sysselmann i Finnmark. Men helst har han vore stor forretningsmann, med stor skinnvarehandel både på innlandet og utlandet.

Ottar fer utanlands.

Først i 880-åra for Ottar ut frå heimen sin der nord og sør-etter til *Skiringsal*. Derifrå bar det sørover til Heidaby (i Vest-

Jylland) og vidare til *England*. Der møter vi han hos kongen Alfred den store.

Det har vore ymse meiningar om Ottars Englands-ferd. Det har vore nemnt at han som andre håløyger har rømt unna kong Haralds eller Håkon jarls «ovrike» og gått i engelsk teneste. Andre har meint at han tvert om var kong Harald sin sendemann hos Englands-kongen. Men kanskje var det heller ei forretningsferd han gjorde, sørover og vestover. Han hadde då med seg både kvalrosstenner og skipsreip av kvalrosshuder. Og det var nett handels-marknadene innanlands og utanlands han gjesta på ferda si. Skiringsal i Vestfold og Heidaby i Slesvig var ved sida av Birka i Sverike dei viktigaste handelsbyane i Skandinavia på den tida.

Då kong Alfred den store hadde fått fred med vikingane, tok han til å skriva om til engelsk mål ei latinsk heimssoge av romaren Orosius (frå p. 1. 420 e. K.). Dette verket har til innleiing ei oversyn over dei landa romarane kjende. Men kong Alfred kjende fleire, og har fletta inn i forteljinga ei støtt oversyn over landa i det nordlege Europa. Her tek han med forteljinga om Ottars ferd i Nordishavet. Såleis er ho berga for ettertida.

Ottar fortel om Ishavs-ferda si.

«Eg bur nørdest av alle nordmänner, på nordsida av landet ved Vesterhavet. Men landet strekkjer seg endå lenger mot nord. Det er alt saman øydeland. Berre få stader er det betre, der finnane stykkemellom held til, jagar om vinteren og fiskar i sjøen om sumaren.

Eg fekk hug å veta kor langt landet strekkjer seg mot nord, og om der bur folk nord om øydemarka. Eg segla då nordetter langs landet i 3 dagar, og lenger fer aldri kvalfangarane. Heile tida hadde eg øydemarka på styrbord og opne havet på bakbord. Så segla eg lenger nordetter i 3 dagar til. Då bøygde landet austover, eller ei havbukt gjekk inn, eg veit ikkje visst kva det var (*Nordkapp*). Der måtte eg venta på meir vestleg eller nordvestleg vind. Så segla eg austetter langs med landet så langt eg kunde segla i 4 dagar. Då laut eg venta på rett nordavind. For landet bøygde sørover eller ei havbukt gjekk inn, eg veit ikkje

visst kva det var (*Gandvika, Kvitsjøen*). Så segla eg rett sørover langs landet, så langt eg kunde koma i 5 dagar. Då låg der ei stor å opp i landet (*Varsuga*). Vi drog opp i åa. Men landet på hi sida åa (*Bjarmeland*) var sterkt bygd, og dit torde vi ikkje koma då vi ottast for ufred.

Finnane sitt land var audt, og vi hadde ikkje møtt bygd land siden vi for heimanav, utan nokre fiskarar, jaktmenn og fuglefangarar. Bjarmane fortalde oss mykje om landet sitt. Målet dei tala var omlag det same som finnane sitt.

Eg tok ut på denne ferda for å undersøkje landet, og for å få kvalross. Kvalrossen har i tennene sine eit svært fint bein, og huda er god til skipsreip. Denne kvalen er mindre enn andre kvalar, for han er berre 7 alner lang. Men heime i mitt eige land er der kvalar som er 48 alen (fot?), og dei største er 50 alner lange. Av dei kan eg sjølv-sjette drepa 60 i to dagar.

Da vi drog heimanav, åtte eg 600 tamme reinar, alle ukjøpte dyr. Av dei var 6 lokkereinar, og dei er svært dyre hos finnane. For med dei tem dei villreinen. Eg er mellom dei første menn der i landet. Men likevel eig eg berre 20 kyr, 20 sauer og 20 grisar. Det litle eg pløygjer, pløygjer eg med hestar.

Men den største herlegdomen hos oss er den avgifta finnane betalar (finneskatten). Dei skattar kvar etter si byrd. Den høgbyrdigste finn skal gje 15 mårskinn, 5 reinfeldar, 1 bjørnefeld, 10 ambrar fjør, 1 kufte av bjørneskinn eller oterskinn, og 2 skipsreip, kvart 60 alner langt, av kvalrosshud eller selhud.»

Til slutt fortalde Ottar at det fylket han budde i heitte Hålogaland, og at det ikkje budde nordmenn nordom han.

Ottar si ferd er ein stordåd, både ved det ho nådde, og fordi Ottar for ikkje berre for vinnings skyld. Han vilde undersøkje landet. Han må ha vore ein kunnskapsrik kar. Finsk og bjarmisk mål har han forstått og kanskje tala. Kan henda har han og kunna angelsaksisk.